



Arkivnr: 2019/2118-1

Saksbehandlar: Ingeborg Sofie Sætrevik

**Saksframlegg****Saksgang**

Utvål	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		02.05.2019

**Framlegg til strategi for tilskot: Fornybarsatsing, grøn konkurransekraft og partnarskap og klimaretta tiltak. Budsjettpost B-5 i HNH 2019.****Samandrag**

Med ekstra tildeling frå fylkestinget på 10 mill. kr og overførte midlar frå 2018 er ramma til Grøn konkurranseskraft for 2019 på samla 13,57 mill. kr. For å sikre at midlane vert nytta etter føremålet er det arbeidd fram ein strategi for grøn konkurranseskraft i Hordaland 2019. Strategien tar utgangspunkt i FNs berekraftsmål og synleggjer moglegheiter for prosjekt innan temaområda fornybar energi, bioøkonomi, sirkulær økonomi og berekraftige samfunn. Strategiane er : 1. Vektlegge samarbeid, nettverk og kunnskapsdeling, 2. Vektlegge næringslivsforankra prosjekt og tiltak, 3. Vektlegge koplingar mellom bransjar/klynger.

Midlane vert lyst ut med felles søknadsfrist og det vert sett opp eit fagpanel til vurdering av søknadane ut frå vurderingskriterier fastsett i strategien.

**Økonomi:** Strategi for grøn konkurranseskraft påverkar ikkje driftsresultat, lånegjeld eller disposjonsfond.

**Klima:** Strategi for grøn konkurranseskraft skal medverke til prosjektutvikling som fremjar verdiskaping og reduksjon av klimagassutslepp. Prosjekta skal følgje opp FNs berekraftsmål.

**Folkehelse:** Strategi for grøn konkurranseskraft legg til rette for ei samfunnsutvikling som er positivt for folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Strategi for grøn konkurranseskraft skal leggje til rette for verdiskaping, auka sysselsetjing og ei klima- og miljøvenleg utvikling.

**Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet vedtar framlagt forslag til Strategi for grøn konkurranseskraft i Hordaland 2019.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Vedlegg**

1 Vedlegg: Strategi for grøn konkurranseskraft i Hordaland 2019

## Fylkesrådmannen, 21.02.2019

### 1. Bakgrunn

I budsjettet for Hordaland fylkeskommune for 2019 vedtok fylkestinget å vidareføre arbeidet med å styrke satsinga på grøn konkurransekraft i Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland (HNH) med 1,5 mill. kr øyremerka til grøn konkurransekraft og 1 mill. kr til grønt partnarskap. I tillegg vedtok fleirtalet auka ramme med kr 10 mill. til satsing med følgjande føringer: «*Midlane skal fordelast etter søknad og nyttast til næringsutviklingsprosjekter med fokus på fornybarsatsing, ei satsing som kan redusera klimautslepp og andre tiltak innan det «grøne» skiftet*». Inkludert overførte midlar frå busjettpostane B-6 *Grøn konkurransekraft* og B-5 *Klimaretta tiltak* frå HNH 2018 vert samla ramme til Grøn konkurransekraft i 2019 kr 13 570 000.

Med bakgrunn i den auka ramma og føringerne frå fylkestinget vart det satt saman ei arbeidsgruppe som skulle lage ein strategi for bruk av midlane til grøn konkurransekraft.

### 2. Strategi for grøn konkurransekraft i Hordaland 2019

Strategi for grøn konkurransekraft er arbeidd fram av ei arbeidsgruppe frå Regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune. I tillegg er det kome innspel frå Bergen kommune og Regionalt FoU-forum.

Strategien tar utgangspunkt i nasjonale føringer og strategiar og FNs berekraftsmål er gjennomgåande tema. Ein synleggjer moglegheitene for prosjektutvikling innafor områda fornybar energi, bioøkonomi, sirkulær økonomi og berekraftige samfunn.

### 3. Mål og strategiar

Det overordna målet med Strategi for grøn konkurransekraft i næringslivet i Hordaland er å støtte næringsretta utviklingsprosjekt som kan bidra til å redusere klimagassutslepp samstundes som det bidrar til verdiskaping, innovasjon og auka kunnskap. Delmåla er at prosjekta skal medverke til å redusere klimagassutslepp, redusere energibruken og auke bruk av fornybare energikjelder.

Strategiane for å nå måla er som følgjer:

1. Vektlegge samarbeid, nettverk og kunnskapsdeling
2. Vektlegge næringslivsforankra prosjekt og tiltak
3. Vektlegge koplingar mellom bransjar/klynger

### 4. Annonsering, sakshandsaming og vurderingskriterier

Midlane vert lyst ut med felles søknadsfrist i mai/juni 2019 og annonsert breitt til aktuelle søkerarar.

I strategien er det lagt fram vurderingskriterier som skal sikre likestilt vurdering av søkerane. Det vert sett saman eit fagpanel til vurdering av søknadane.

### 5. Vidare arbeid

Strategien legg føringer for bruk av midlane til grøn konkurransekraft i 2019 og vil bli evaluert ved utgangen av året. Frå 2020 må Hordaland fylkeskommune og Sogn og fjordane fylkeskommune saman vurdere korleis ein vil arbeide med det grøne skiftet i Vestland fylkeskommune.